



Arkivnr: 2017/13387-35

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 108/2018 i møte 12.12.2018:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at registrering av sluttårsak i størst mogleg grad er korrekt, slik at ein får så få feilkjelder som mogleg.
2. Sikre at det blir gjennomført systematiske analyser av fråfallsårsaker, karakteristika som påverkar fråfallet, og skulebidragsindikatoren ved den enkelte skule, for å få eit betre grunnlag for iverksetting av målretta tiltak.
3. Gjere systematiske analyser av årsaker til heving av lærekontraktar per fagområde, for å få eit betre grunnlag for målretta tiltak.
4. Sikre at fråfallsførebyggjande tiltak på den enkelte skule blir systematisk evaluert.
5. Leggje ytterlegare til rette for erfaringsdeling og deling av beste praksis når det gjeld arbeid med fråfall.
6. Analysere årsaken til at det er begrensa bruk av midlar til særleg oppfølging og/eller tilrettelegging for lærlingar, og vurderer eventuelle tiltak.
7. Arbeide for å avklare og tydeleggjere ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunen og opplæringskontora når det gjeld oppfølging av lærebedrifter som er medlem av opplæringskontor.
8. Sette i verk tiltak for å få betre oversikt over, og kome tidlegare inn i, saker der det er utfordringar i eit lærlingforhold som medfører risiko for heving av kontrakt.
9. Sikre at OT, og eventuelle andre relevante aktørar, blir involvert i oppfølging av saker der det er risiko for heving av lærekontrakt.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
11. Alle tiltak som vert sett inn for å førebyggja og redusera fråfall bør evaluerast.»

På bakgrunn av punkt 10 i vedtaket over handsama kontrollutvalet handlingsplan frå fylkesrådmannen i møte 01.04.2019 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet har merka seg at det er sett i gang ei rekke positive forbetningsprosessar for å bidra til å redusere fråfall i vidaregåande opplæring.*
2. *Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 12.08.2019. Tilbakemeldinga må også innehalde tidspunkt for når tiltaka er sett i verk/vil verta sett i verk.*
3. *Tilbakemeldinga bør også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet på dette området som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.*

Drøfting:

Sekretariatet har motteke vedlagte notat dagsett 15.08.2019 frå fylkesrådmannen som inneheld status for oppfølging av forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring. Av det som går fram av notatet kan det tyde på at ein er kome langt i gjennomføring av forbetningsprosessane etter denne forvaltningsrevisjonen, men at det framleis står noko arbeid igjen.

Tilbakemeldinga inneheld i liten grad tidspunkt for når dei einskilde tiltaka er sett i verk/vil verta sett i verk slik det var bede om i punkt 2 i vedtaket over. Det er difor krevjande å konkludere på korleis statusen på det enkelte punkt eigentleg er. Vi registrerer elles at oppfølgingspunkta etter denne forvaltningsrevisjonen også har vore tema i den pågåande fylkessamanslåinga.

Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.11.2019. Det bør igjen presiserast at tilbakemeldinga også inneheld tidspunkt for når dei enkelte tiltaka er sett i verk / vil verta sett i verk.

Forslag til vedtak

1. *Kontrollutvalet har merka seg at det kan det tyde på at ein er kome langt i gjennomføring av forbetningsprosessane etter denne forvaltningsrevisjonen, for å bidra til å redusere fråfall i vidaregåande opplæring, men at det framleis står noko arbeid igjen.*
2. *Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.11.2019. Det vert presisert at tilbakemeldinga også må innehalde tidspunkt for når tiltaka er sett i verk/vil verta sett i verk.*

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Status forvaltningsrevisjon om fråfall i vidaregåande opplæring
- 2 Status 120819 - handlingsplan forvaltningsrevisjon om fråfall i vidaregåande opplæring

